



FENGANDE: Thomas Mårud og Levi Henriksen sine eigenproduserte tekstar og melodiar fengte publikum i ei mest fullsett emigrantkyrkje på Sletta.

Smak av sørstatane

RADØY: – Dette er ei reise i kva vi likar ved Amerika, fortel artistduoen Levi Henriksen og Thomas Mårud under konserten i Emigrantkyrkja på Sletta.

EGIL OLSVOLD

– Vi har ikkje vore i USA, vi har lese om Geronimo, Sitting Bull og Solvpilen og kvar dag av vår reise har vore som eit lite eventyr, fortel Henriksen og Mårud.

“Bang bang rett ned”

Konserten i Emigrantkyrkja søndag var eit innslag i Kystsogeve-

Tok Elvis med til Radøy etter ein draum

kene, og emnet var “Forestilling-er om Amerika”.

Dei opnar med ei vise frå CD-en deira, “Bang bang. Rett ned”. Visa omhandlar ei lita jente som ein av dei ein gong var forelska i.

– Ho kasta ball på tivoli, og alle boksane gjekk rett ned. Imponerende, synest dei.

Mange av titlane speglar attende på ein ungdomskultur frå heimbyen Kongsvinger. Ein kultur med sørstatsflagg bak på vesten, amerikanske “dollarglis”, og kort veg til Sverige, eller “Texas”, som dei sa.

Og dei to har sin heilt særige stil. Saman har dei viser som kan

virke råde, men samstundes med ein religiøs undertone.

Teori om rockemusikken

Levi er forteljaren på konserten. Innimellom songane les han frå siste boka han har skrivne.

– Eg har ein teori om korleis rockemusikken oppstod, fortel han.

– Det må ha vore på frukostrestaurantane, med smilande serveringsdamer og “Thank you, Sir, you are a nice fellow”, lyttande til klagande tonar frå Hank Williams. Det var her, mellom bacon og eggerøre Rock ‘n roll vart skapt, meiner han.

I “Lenkegjengen er mitt hjem”

syng dei om kriminelle, slavar, blues og om dei vanskelegstilte her i livet. Thomas les frå reisebloggen sin, og ein kjenner nesten ein sjølv er i sørstatane.

– Vi føler oss mest heime i Texas, fortel Thomas.

– Route 66 har vi òg gjort oss kjende med. Vårt opphald i Amarillo var ei særskild oppleving. “Best Western” var nok ikkje etter vår standard, men herfrå kunne det berre bli betre. Og det vart det, heldigvis.

Til Radøy med Elvis

– I ein draum møtte eg Elvis, fortel Levi.

– Elvis sa til meg: Skal du til

Radøy, så ta med deg songen “Polk Salad Annie”, mimrar Levi.

Og Levi og Thomas hadde si heilt eiga tolking av nettopp denne Elvis-slageren som dei serverte publikum, nemleg songen “Potetsalat-Annie” frå Kongsvinger.

Eit langt, sakte tog

Dei avrunda konserten med visa om det hjelpelause jaget etter materielle goder og avslutninga på livet.

– For brukte vi vegane til å reisa på, fortel dei.

– No brukar vi dei til å koma fram på. Kom attende til oss, Alf Proysen og Erik Bye!